

Norges vassdrags- og energidirektorat
PB 5091, Majorstua
0301 Oslo
nve@nve.no

Steinkjer/Bergen, 25. mai 2018

Opedal Ljosverk - minikraftverk, Høyringsuttale



Opedal Ljosverk AS har søkt om å bygga eit minikraftverk i hovudløpet av det verna vassdraget Opo, som renn ut i Opedal på austsida av Sørfjorden i Hardanger. Installert effekt er 0,99 MW, og årleg middelproduksjon er rekna til 5,5 GWh. Eit fall på 74 meter mellom kote 187 og kote 113 skal utnyttast, og den tørrlagte elvestrekningen der vatnet skal gå i nedgravde rør, er 846 meter lang. Planlagt minstevassføring tilsvarande 5-persentil er 1,4 m³/s sommar og 0,14 m³/s vinter. Inntaksdammen blir 4 meter høg og 32 meter lang. Neddemt areal blir ca. 329 m². Tilkjørsel skal skje langs eksisterande skogsbilveg, men denne må truleg utvidast nokre stader. I følgje søkjar skal dette skje «skånsomt» og utan å ta ned særleg skog. Utbyggingspris er estimert til 4 kr/kWh.

Verneplanen og verneverdiar


Opo med Opsjø blei verna i 1973 som ein del av Verneplan I, på grunn av store landskapsverdiar, og fordi den er eit av vassdraga som renn ut av Hardangervidda. Hardangervidda nasjonalpark vart oppretta i 1981, og delar av vassdraget inngår i verneområdet. Samstundes er det slik at Verneplanen for vassdrag gjev varig vern for heile Opo frå fjell til fjord. I 2005 vedtok Stortinget at det kan opnast for konsesjon til kraftverk med installert effekt på inntil 1 MW eller ein årsproduksjon på 5 GWh. Opedal Ljosverk kjem så vidt under denne grensa, men er estimert med ein årsproduksjon på 5,5 GWh. Ein føresetnad for å gi konsesjon var likevel at «---verneverdiene uansett ikke svekkes», sml. St.m.116 (2004/2005). Nye tiltak kan berre få løyve så lenge «hensynet til verneverdiene i vassdraget ikkje taler imot», jf. vannressursloven § 35 første avsnitt nr. 5. I tillegg skal energimyndighetene leggje «vesentlig vekt på hensynet til verneverdiene», jf. vannressursloven § 35 første avsnitt nr. 8. I naturmangfaldmeldinga i 2016 blei dette innskjerpa ved at komitéfleirtalet uttalte: «Vi vil understreke at vassdragene i verneplanen er gitt varig vern, og at det ikke bør åpnes for konsesjonsbehandling av prosjekter som er tilknyttet verna vassdrag». FNF Hordaland meiner at eit inngrepsfritt vassdrag utgjer ein verneverdi i seg sjølv, og naturtypen «elveløp» er etter raudlista for naturtypar (2011) plassert i kategorien «Nær truet» (NT). Hovudårsaken er: «reduert tilstand antas å være eutrofiering, forsurening og vannkraftregulering», jf. Rødliste for naturtyper i Norge. Formålet med verneplanen er å «ta vare på eit representativt utval av norsk vassdragsnatur for komande generasjonar», der det kan vera snakk om både naturverdiar, kulturminneverdiar, landskapsverdiar og friluftslivsverdiar.



Forum for natur og friluftsliv Hordaland

 Tverrgt. 4-6, 5017 Bergen
 55 33 58 19 / 40 49 70 74


 hordaland@fnf-nett.no
 www.fnf-nett.no/hordaland



Eit viktig moment er at Opo med Opsjø er ein viktig del av vassdraga som har sitt utspring i Hardangervidda nasjonalpark. NVE skriv om vernegrunnlaget for Opo i Lofthus «*Urørthet. Vassdraget er sentrale deler av et attraktivt og kontrastrikt landskap. Største delen av vassdraget ligger på høyfjellet, der elver og vann er fremtredende i landskapet. Fra kanten av platået faller elvene i kraftige fosser bratt ned i dalbunnen og videre til fjorden. Stort naturmangfold. Viktig for friluftslivet. De fem vernede vassdragene Opo, Kinso, Bjotveitelvi, Erdalsvassdraget og Veig utgjør en helhet ved at de samlet utfyller Hardangervidda nasjonalpark ned til fjorden mot vest og nord*».», og i komiteinnstillinga til Verneplan I i St.m. 207 (1972-73) står det «*Komiteen ser det slik at det vil vera rett å få ei betre avklaring for ein del av vassdraga alt no, og går inn for varig vern av vassdraga Kinso og Opsjø (Opo). Dette må sjåast i samanheng med komiteen sitt framlegg om varig vern av objekt nr 75 Opo m/Låtefoss. Ein vil her få eit stort samanhengande område som er verna mot kraftutbygging*». I denne samanhengen er det verd å merka seg at formålet med å ta med Opo (verneobjekt nr 41) i Verneplan I for vassdrag var å sikra heile vasstrengen frå fjell til fjord i tillegg til sjølve høgfjellsplatået. Rannveig Djønne (Hovudoppgåve 1999, «Kartlegging og verdisetting av områder viktige for biologisk mangfald i Ullensvang herad: Ei oversikt ut frå DN-handbok 13-1999 med vekt på naturtypar og raudlista artar») skriv, s. 17, at det også var naturvitskaplege interesser som grunngeving for vernet.



Friluftsliv og landskap

I konsesjonssøknaden frå Opedal Ljosverk står det på s. 29 at «*vernet gjelder øvre delen av vassdraget med flotte fosser og urørt natur*». Dette er feil, for vernet gjeld heile vassdraget frå fjell til fjord, også den delen som ligg nedanfor fossane. Det står ingenting i grunngevinga for vernet at det berre gjeld den delen som ligg oppe på Hardangervidda-platået. Vidare står det i NOU 1983:45 «*Friluftsliv og vassdragsvern*» at «*muligheten for naturopplevelse øker dersom det ikke er foretatt tekniske inngrep, og dermed øker også verdien av hele vassdragsområdet*». Dette tilseier at ein bør halda omfanget av tekniske inngrep på eit minimum, også i nedre delen av vassdraget nedanfor fossane.




På den aktuelle strekningen går det turvegar på kvar side av Opedalen, nord og sør for elva, inn mot oppstigninga til Hardangervidda. Opo er her ein sentral del av landskapsopplevinga. Elva er bratt, og de kvite fossestryka her utgjør karakteristiske landskapselement. Traktorvegen som går langs elva i heile influensområdet er mykje brukt til fotturar av turistar og lokalbefolkning. Ullensvang herad har verdsett friluftslivets verdi (bruk og opplevingsverdi) av området rundt nedre deler av Opo svært høgt, jf. Kommuneplanens arealdel med føresegner for Ullensvang herad. Inngrep i svært viktige friluftsområde som endrar kvaliteten på området er FNF-Hordaland på generell basis svært negativ til. Vassdraget ligg i ein dal, Elvadalen, som er eitt av dei ytterst få turområda utan veldig stor stigning på Lofthus. Difor er det ein turveg som kan nyttast av dei fleste. Turvegen kryssar Opo inst i dalen. I søknaden står det at veggen rundt Elvadalen vanlegvis er tilgjengeleg mellom midten av juni og midten av september. Lokalt blir dette området nytta som turveg kvar einaste dag heile året. Det same gjer hotellgjestar og besøkande elles. Runden er òg mykje nytta i idrettsamanheng og av

Forum for natur og friluftsliv Hordaland

 Tverrgt. 4-6, 5017 Bergen
 55 33 58 19 / 40 49 70 74

 hordaland@fnf-nett.no
 www.fnf-nett.no/hordaland




folkehøgskulen i bygda. Sistnemnde har hundelinje, hestelinje, jaktlinje, idrettslinje og friluftslivlinje som nyttar området heile skuleåret. Elvadalen er eit godt utgangspunkt for å oppleve grunnlaget for vassdragsvernet og variasjonsbreidda i landskapselementa i Opo, slik det går fram av følgjande turskildring frå brua der inntaksdammen er planlagt: *«Vegen/stien går vidare under bratte berg og noko stignng fram til bru over elva Opo. Her bør ein stoppa og nyta elv, fossar og høge og ville fjell tett innpå, fossedur og lysbrytingar. Dette til saman gjev ei storslått og sær eigen naturoppleving som mange vil hugsa».*

Elvadalen høyrer til landskapsområdet Sørfjorden som har fått «stor verdi» som landskap i retningslinjene som Aurland Naturverkstad har utarbeidd på grunnlag av «Nasjonalt referansesystem for landskap i Hordaland» på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune. I vedlegg II til «Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag» står det at *«I Verneplan I ble det spesielt lagt vekt på å sikre vassdrag med store landskaps- og friuftsverdier, men også verdien for vilt, fisk og naturvern ble tatt med i vurderingen».* Elvadalen er ei karakteristisk landskapsform i Opo, og synleggjer variasjonsbreidda i dette verna vassdraget, som ein del av verneverdien.

I søknaden om Opedal Ljosverk vert det skrive , s. 27, *«Maksimal slukeevne i kraftverket tilsvarer ca. 40 % av middelvannføringen».* Olje- og energidepartementet har i sin forvaltningspraksis lagt til grunn, 5.1.2012, at *«Det er et uttalt mål at vannføringen i et vernet vassdrag skal være variert og gjenspeile naturlige forhold også etter en utbygging».* Vi viser til at NVE har handsama ei småkraftpakke for Sørfjorden, og at det også har vorte handsama ei Oddapakke som gjeld same regionen, og at NVE må sjå Opo i Lofthus i samanheng med kva løyver dei har gjeve tidlegare i regionen. Vi meiner at NVE må vektleggje at det Opo i Lofthus i dag ikkje er nytta til kraftproduksjon og at tiltaket er planlagt i hovedløpet av vassdraget.

Det er planlagt ei demning på 4 m høgde og 32 m breidde, som vil ha ei vesentleg påverknad på landskapsopplevinga og opplevinga av eit urørt vassdrag. Verneverdiane i vassdraget vil verta svekka av tekniske naturinngrep i vassstrengen, jf. vannressursloven § 35 første avsnitt nr. 5. Naturopplevinga er ikkje den same når ein kjem inn dalen og kryssar den med basseng på eine sida og sildring på andre sida, som når ein står på ei bru over ei frådande elv. Desse inngrepa er også i strid med dei kulturhistoriske verdiane, som det fins mange av i Elvadalen, i følgje Riksantikvaren si kartlegging. Vi viser elles til retningslinjene for små vasskraftverk frå Olje- og energidepartementet der det står at *«Inngrep som medfører bortfall eller vesentlig reduksjon av verdifulle landskapselementer av nasjonal, regional eller lokal betydning, bør unngås».* Det er viktig å undertreka at eit verna vassdrag representerer ei nasjonal interesse, og vi ber NVE vektleggje at det for tida er eit stort press på vassdragsobjekt som høyrer til verneplanen for vassdrag i Hordaland – det er difor viktig at energimyndigheitene viser forvaltingsansvar for føremålet med Verneplanen for vassdrag. I tillegg er det nasjonale verdier i tilknytning til det kulturhistoriske landskapet og fjordlandskapet i Hardangerfjordsystemet.




I KU blir det hevda at det ikkje vil vera nokon negative konsekvenser for reiselivet i driftsfasen. Dette er vi ueinige i, då Opo som landskapselement og attraksjon vil bli vesentleg påverka. Vi er ueinige i argumentasjonen frå utbygger om at verneverdiane i vassdraget berre knyter seg til øvre deler av vassdraget fordi det er her det urørte fins. Etter vår mening bør ein sjå verneverdiane i eit større perspektiv. Den nedre delen av elva er den delen som er lettast tilgjengeleg for folk flest. Det å kunna gå langs eit urørt vassdrag frå fjord til fjell må reknast for å vera blant dei mest verdifulle blant rekreasjonsverdiar. Når dette i tillegg gjeld turistar som kjem til Norge og Hardanger for å nettopp oppleva det naturlege og ville fjordlandskapet med bratte fjell og fossar, så bør elvevernet vega tungt.

Det er knytt både friluftslivs-, kulturminne- og reiselivsverdiar til Elvadalen, og det vil også vera relevant å leggja til grunn vurderingskriteria etter vannressursloven § 25. Vi meiner at «skader og ulemper» for allmenne interesser er større enn fordelane ved tiltaket.

Opo i Ullensvang blei då og som nemnt, opphavleg verna mot utbygging saman med blant anna Kinso, som ein ubrotten samanheng frå fjord til fjell. Då Hardangervidda nasjonalpark vart oppretta i 1981 fekk dei delane av vassdraga som ligg innanfor nasjonalparken eit vern i tillegg etter § 4 punkt 4.1.1 i forskrift om vern av Hardangervidda nasjonalpark.



Naturverdiar

Langs den aktuelle elvestrekningen er det registrert ein boreal lauvskog med verdi B (lokaliteten Tellmyrane, som er registrert med ID BN00079923 i naturbase). Konsulentutgreiingar peiker på at den boreale lauvskogen inneheldt rødlisteartar. Konsulentutgreiinga, s. 14-15, der det vert skriva «Vi har valgt å sette opp verdien på lokaliteten til viktig (B). Dette fordi et såpass godt utviklet lungeneverelement med en rødlisteart er nokså uvanlig, og fordi potensialet for å finne fleire rødlistearter er tilstede». Treslagssamansetninga består av gråor, hegg, bjørk, selje, rogn og osp (sjå linken nedanfor).



<http://faktaark.naturbase.no/naturtype?id=BN00079923>

Det er registrert skorpefjelllav (*Fuscopannaria ignobilis*) på nordsida av elva i lokaliteten Tellmyrane. Denne er knytt til fuktige miljø, og ei permanent senking av vassføringa vil kunna føra til at denne sjeldne lavarten ikkje vil overleva.




Figur 1 Tellmyrane (BN00079923). Kjelde: Naturbase.no

Konsulentutgreiinga registrerer også ei naturbeitemark med lokal viktig verdi (C).

I tillegg ber vi NVE leggje vekt på:

- Fossefall (*Cinclus cinclus*) (observert fleire gongar i influensområdet av lokale turgåarar, men er ikkje registrert i søknaden). Arten er oppført på Bernkonvensjonen liste II. Noreg er medlemsland av konvensjonen, og forpliktar seg til sikra leveområda for arten.
- Hegre som nyttar influensområdet er heller ikkje nemnt i søknaden.
- konsekvensane av temperaturendringar i elva med mindre vassføring
- stengt område i anleggsperioden
 - I referanselista til konsulentutgreiinga vert det vist til Korbøl, Kjelle vold og Selboe (2009). NVE Veileder 3:2009. I denne rettleiaren vert det i Vedlegg II tilrådd eit oversyn over tema som skal verdsetjast. Eit vurderingstema som vert nemnt her er «Ulike verneplanarbeider, spesielt vassdragsvern», der områder som er verna eller foreslått verna kjem i kategorien «Stor verdi».




Kommunale planar

Vi viser til at Elvadalen er teikna inn i kommuneplanens arealdel for Ullensvang herad. Området er plasert i kategorien LNFR, og det er gjeve omsynssone for det verna vassdraget Opo/Opsjå. Vi viser til føresegnene til kommuneplanen punkt 6.2 der det er skrive: «For verna vassdrag utafør kystsoneplan er byggegrensa 50 meter, viss ikkje anna er bestemt reguleringsplan». Søknaden er derfor i strid med kommuneplanens arealdel i Ullensvang herad. Vi ber NVE ta msyn til dette i sakshandsaminga si.

Forum for natur og friluftsliv Hordaland

Tverrgt. 4-6, 5017 Bergen
55 33 58 19 / 40 49 70 74

hordaland@fnf-nett.no
www.fnf-nett.no/hordaland



Samla belastning

Ein stor del av vassdraga som munnar ut i Sørfjorden er alt bygd ut for kraftproduksjon. I nabodalføra opp frå Kinsarvik er det to kraftverk i drift, trass i at vassdraget også her er verna. Som kjent er det høve til å byggja ut kraftverk med mindre enn 1 MW effekt også i verna vassdrag så lenge verneverdiane ikkje blir svekka, og Opedal Ljosverk er like under denne grensa, dvs. 0.99 MW, men med ein esstimert årsproduksjon på 5.5 GWh (sjå føresetnadene for 1MW-grensa). Like sør for Opedal har Nedre Børve kraftverk fått konsesjon, og er under oppføring. Sør for dette igjen er Storelvi, Endevatn og Bersåvatna utbygde for kraftproduksjon. Dette er berre på austsida av Sørfjorden. På vestsida er det 8 kraftverk som er bygd eller er under bygging, og som er synlege frå fjorden i Ullensvang kommune. I Odda er det 7 kraftverk i vassdrag som renn til Sørfjorden. Den store samla belastninga er eit viktig argument mot å byggja ut fleire kraftverk, spesielt i verna vassdrag. FNF-Hordaland vil peika på at verneplanen i seg sjølv er eit uttrykk for ei heilskapleg vurdering av norsk vassdragsnatur, fordi den skjermar vassdraga mot konsesjonsbehandling og gjev dei varig vern. Det er desse vassdraga vi skal ta vare på for framtidige generasjonar. Vi ber difor NVE om å leggja vekt på at det alt er blitt gjort ei totalvurdering, i samband med opprettinga av Verneplan for vassdrag. I OED sine «Retningslinjer for små vannkraftverk» står det på s. 15 at «Samtidig må en være spesielt oppmerksom på sumvirkninger av flere inngrep og effekten av bit-for-bit utbygging», og på s. 32 er det vist til at «Selv om hvert enkelt utbyggingsprosjekt i mange tilfeller har relativt små og begrensede negative virkninger for miljø og andre brukerinteresser, så kan de samlede konsekvensen av mange slike prosjekter innen et avgrenset geografisk område, nedbørfelt, region eller fylke få store og utilsiktede konsekvenser».

Konklusjon

FNF Hordaland går på det sterkaste imot at det blir gjeve løyve til Opedal Ljosverk for bygging av mini/småkraftverk i Opo/Opsjå, fordi det er i strid med: (1) omsynet til samla belastning, (2) prosjektet vil føra til inngrep som vesentleg svekkar verneverdiane i vassdraget, og (3) vera i konflikt med almenne friluftsliv- og naturverninteresser, både lokalt, regionalt og nasjonalt, jf. vannressursloven § 25. Vi ber NVE om å avslå søknad om konsesjon til vasskraftutbygging i verna vassdrag, jf. vassressurslova § 35 første avsnitt, nr. 5 og 8.

Med venleg helsing

Marius Nilsen
FNF-Trøndelag
på vegne av FNF-Hordaland


Oddvar Skre
Naturvernforbundet Hordaland

FNF Hordaland er et samarbeidsforum for natur- og friluftslivorganisasjoner i Hordaland, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftslivinteressene i fylket. Per i dag er det 10 organisasjoner tilsluttet FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag (DNT),

Forum for natur og friluftsliv Hordaland

Tverrgt. 4-6, 5017 Bergen
55 33 58 19 / 40 49 70 74



 hordaland@fnf-nett.no
 www.fnf-nett.no/hordaland



Naturvernforbundet Hordaland, Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, Norsk Ornitologisk Forening Hordaland fylkeslag, Hordaland fylkeskystlag, Norsk Botanisk Forening Vestlandsavdelingen, Syklistenes Landsforening Bergen og omegn, Voss Utferdslag (DNT) og Voss Kajakklubb. Sammen representerer organisasjonene rundt 39.000 medlemmer i fylket.



Forum for natur og friluftsliv Hordaland

 Tverrgt. 4-6, 5017 Bergen
 55 33 58 19 / 40 49 70 74

 hordaland@fnf-nett.no
 www.fnf-nett.no/hordaland